

Bømlo kommune
Kommunehuset
5430 BREMNES

Vår dato: 07.10.2024
Vår ref.: 201906898-6 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 2021/1542-L13

Sakshandsamar: Toralf Otnes,
22959527, toot@nve.no

NVE sin uttale til avgrensa høyring av revidert framlegg til reguleringsplan for nærings- og bustadområde Busthorn - Gnr. 89 bnr. 4. 9 mfl. - Planid 201410 - Bømlo kommune

Vi viser til brev datert 11.09.2024. Saka gjeld avgrensa høyring av framlegg til detaljreguleringsplan for Busthorn. Føremålet med planframlegget er å legge til rette for nærings- og bustadområde med tilhøyrande trafikk-, leike- og friluftsareal.

Vi viser også til brev datert 12.09.2024 der de ber om konkret uttale, særleg om overvasshandtering og nedbygging av vassdrag. De har ingen konkrete spørsmål knytt til desse tema. Planen var til offentleg ettersyn i 2019. NVE sende då ein generell uttale datert 06.09.2019.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strok (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE sin konkrete uttale

Overvatn

Planområdet er i hovudsak flatt, beståande av mindre kollar og bergnakkar med fjell i dagen. Mellom bergnakkane er det myrlendt. Særleg lengst vest, der bustadområda er planlagt, er det synlege dammar i myrane. Planområdet ligg høgt i høve til terrenget rundt og har, slik vi les kartet, truleg liten gjennomstrøyming av vatn. Dammane er då danna i mindre lågpunkt mellom bergnakkane. Avrenninga ser ut til å fordele seg i ulike retningar til det kringliggande terrenget, utan at kartet markerer tydelege bekker.



I sakstilfanget er det lagt ved VA plan del 1 og 2. Disse består av to kart, men utan tekst til er desse vanskeleg å tolke. På det eine kartet finn vi avmerkt eit areal «Fordrøyningsbasseng». Vi går ut frå at dette er tenkt som eit framtidig basseng. Det er plassert i eit område som er føreslege regulert til forretning/kontor og industri (F/K/I). Fordrøyningsbassenget er ikkje innarbeidd og synleggjort i plankartet. Overvatn har heller ikkje fått nokon tydeleg plass i føresegnene. I § 3.6.12 står følgjande: «*Overvasshandsaming på F/K/I1- F/K/I7 skal hovudsakleg skje lokalt i form av fordrøyningsanlegg eller liknande. Løysinga skal godkjennast av Bømlo kommune i samband med byggemelding av dei einskilde områda.*»

I planomtalen blir det gjort noko greie for overvatn, mellom anna at det vesentlege av planområdet har avrenning mot sør. Vassvegane kryssar Fv 542 gjennom fleire (12 i følge figur 41) «overvass- stikk». Ein er ikkje sikker på dimensjonane til desse, men dimensjonar er oppgitt i figuren slik ein trur dei er. Det er ikkje kjend problem med overvatnet frå planområdet i dag, men det er opplyst at totalbelastninga på hovudnettet som er på motsett side av vegen truleg ikkje toler den planlagde utbygginga utan drying eller oppgradering av eksisterande anlegg.

Det er vanskeleg ut frå sakstilfanget å sjå at det er gjort gode og systematiske vurderingar av overvatn. Det er heller ikkje mogeleg å sjå at den juridisk bindande planen (plankart og føresegner) legg til rette for ei god overvasshandtering.

Ut frå planområdet sin høge plassering i nedbørfeltet synes gjennomstrøyming av vatn som ei mindre utfordring. Planområdet har truleg god naturleg kapasitet til å dryge nedbør slik det framstår frå naturen si side. Det drenerer i hovudsak mot viktig infrastruktur nedstraums før overvatn når resipienten Storavatnet.

Generelt vil meir utbygging i nedbørfeltet gir større del tette flater. Dette kan føre til større avrenningsfart og større mengder vatn på terrengoverflata (overvatn). Ein slik auke kan i verste fall føre til flaum i byggeområda og i vassdraga.


NVE rår til å bruke tretrinnsstrategien (sjå figur nedanfor) som verktøy for å handtere nedbør og overvatn, i hovudsak på overflata. Eit viktig prinsipp er å sikre ei så «naturleg» overvasshandtering som mogeleg. Opne løysingar er betre enn lukka løysingar. I [Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing](#) heiter det mellom anna:

«Ved planlegging av nye områder for utbygging, fortetting eller transformasjon, skal det vurderes hvordan hensynet til et endret klima kan ivaretas. Det bør legges vekt på gode helhetlige løsninger og ivaretagelse av økosystemer og arealbruk med betydning for klimatilpassing, som også kan bidra til økt kvalitet i uteområder. Planer skal ta hensyn til behovet for åpne vannveier, overordnede blågrønne strukturer, og forsvarlig overvannshåndtering.

Bevaring, restaurering eller etablering av naturbaserte løsninger (slik som eksisterende våtmarker og naturlige bekker eller nye grønne tak og vegger, kunstige bekker og



basseng mv.) bør vurderes. Dersom andre løsninger velges, skal det begrunnes hvorfor naturbaserte løsninger er valgt bort.



Ut frå det vi kan sjå av sakstilfanget verkar det som om de legg opp til ei lukka handtering. I følge plankartet ser det til dømes ut til at dei mindre dammane i bustadområda i vest skal fyllast igjen og byggast på i staden for å halde dei opne som ein reiskap til å dryge overvatn. Vi kan ikkje sjå at det er gjort nokon vurdering og argumentert kvifor de i tilfelle har valt vekk naturbaserte løysingar.

De har kartlagt eksisterande dreneringslinjer i og ved planområdet, og samla avrenning frå hovudnedslagsfeltet, jf. figur 40 i planskilddinga. NVE har eit fagleg råd om at de også kartlegg avrenninga for kvart av dei 12 delfelta som kryssar fv. 542, jf. figur 41. Dersom de då kartlegg dimensjonane på «overvass- stikka» er det mogeleg å sjå om kapasiteten er tilstrekkeleg. De bør også kartlegge dreneringslinjer for dei ulike delfelta i framtidig situasjon som grunnlag for å fastsette konkrete krav til infiltrasjon og drying av overvatn i dei ulike utbyggingsområda. De bør arbeide for å i minst mogeleg grad forskyve avrenninga mellom dei ulike delfelta.

Vi rår dykk til å sette konkrete krav om infiltrasjon og drying av overvatn innanfor planområdet. Desse bør settast ut frå innhenta kunnskap om nedstraums kapasitet. NVE rår til at tiltaka blir innarbeidd i den juridisk bindande reguleringsplanen. Framtidige flaumvegar for trygg avleiing av overvatn, jf. trinn tre i figuren over, bør visast i plankartet og sikrast tilstrekkeleg kapasitet.

NVE har utarbeidd ein rettleiar [4/2022 Handtering av overvatn i arealplanar](#). Rettleiaren er laga for å støtte kommunane med å forebygge skade frå overvatn gjennom arealplanlegging etter plan- og bygningslova. I rettleiaren finn de mellom anna i kapittel 4.5 verkemiddel som de kan bruke i reguleringsplan for å førebygge framtidige skadar frå overvatn. På NVE si nettside [«Lær om overvann»](#) finn de fleire rettleiarar om handtering av overvatn.



Nedbygging av vassdrag

Innanfor planområdet framstår 3 mindre dammar i dei vestlege delane av planområdet som vassdrag slik vassdrag er definert i vassressurslova § 2. Dammane er ikkje markert i plankartet som pbl § 12-5, nr. 6 «*Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhørende strandsone*». Dammane er foreslått regulert til bustadforemål og køyreveg. Dei kan då fyllast igjen. I planskildringa kapittel 4.1.4 er dammane skildra som grunne. 2 av dei er kunstig oppdemma med svært avgrensa nedbørfelt, og er tidlegare brukt som vassforsyning til gardar i området. Ingen av dammane har klare utløpsbekkar. Utløpa er karakterisert som vassig.

Biota Naturkompetanse har i følge planskildringa gjort enkle vurderingar. Det er ikkje registrert raudlista artar knytt til dammane og heller ikkje fisk. Biota naturkompetanse skal ha vurdert at dammane truleg vil ha noko verdi som eit generelt leveområde for vanleg førekomande artar av både plantar, dyr og insekt. Planskildringa viser at ein av dei har vore brukt av ungar til å gå på skeiser.

NVE meiner at ope vatn kan ha ein positiv verdi i bustadområda. Vi har eit fagleg råd om at de «ommøblerer» bustadområda slik at utbygging kan ta utgangspunkt i at dei kan oppretthaldast, og inngå i ein blågrøn struktur. Vi trur dei kan utnyttast som ein del av ei naturbasert overvasshandtering, og at ivaretaking vil vere i samsvar med dei statlege planretningslinene for klimatilpassing som vi siterer frå ovanfor.

NVE vurderer at det ikkje er naudsynt med ytterlegare vurdering av tiltaka etter vassressurslova for å gjere inngrep i dei og fylle dei igjen dersom reguleringsplanen blir vedteken slik den ligg føre.

Meir informasjon

De finn mykje informasjon på våre nettsider om arealplanlegging, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>. Vår uttale i saka er nødvendigvis ikkje uttømmende. For å få ei fullstendig oversikt viser vi til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#), som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i reguleringsplanen. Dersom de har spørsmål, eller det er noko i denne uttalen som er uklart, kan de ta kontakt pr. telefon eller e-post.

Kommunen sitt ansvar

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt nødvendig omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd, uttale, eller motsegn til saka.



Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Toralf Otnes
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

Bømlo kommune

Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND